

Kommunal- og regionaldepartementet  
P.b. 8112 Dep.

GOL KOMMUNE

0032 OSLO

## MELDING OM VEDTAK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
06/2049-5/TOR	010 &13		02.10.2006

## ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

Formannskapet behandla i møte 28.09.2006 sak 42/06. Det vart gjort slikt vedtak:

Gol formannskap uttalar seg slik til endringsforslaga:

- Førehandsrøystegjevinga utanriks blir avslutta ei veke og ein dag tidlegere enn i dag
- Førehandsrøystegjevinga innanriks blir avslutta ein dag tidlegere enn i dag
- Fristen for å søkje om ambulerande røysting bli endra til "mellom tirsdag og torsdag siste uke før valget" (innsnevra frå fredag)
- Skjæringsdatoen for innføring i manntal skuva ut i tid med ein måned, til 30.juni
- Kommunane blir pålagt å produsere og distribuere valkort til veljarane
- Grovtelling av røyster skal skje manuelt
- Det blir frivillig for kommunane om dei vil starte opptelling av førehandsrøyster søndag
- Veljarar må legitimere seg før røystegjeving
- Det blir etablert statlege sertifiserings- og godkjeningsordningar for elektroniske valsystem.

Kommunal- og regionaldepartementet blir vidare tilrådd

- å syte for tilfredsstillande rutiner og ev avtaler for at førehandsrøyster blir sendt på hurtigast mogleg og trygg måte i staden for å utvide fristen for når røystegjevinga må vera valstyret i hende
- å utarbeide gode rettleiingar og rutinebeskrivelsar for telling, blant anna når det oppstår store avvik mellom grovtelling og endeleg telling

Med venleg helsing  
Gol kommune


For  
Tor O Bergum  
avdelingsleiar

---

Adresse: Gamlevegen 4	Telefon: 32 02 90 00	Bankgiro: 23240500051
Poststad: 3550 Gol	Telefaks: 32 02 90 10	Bankgiro skatt: 78550506172
www.gol.kommune.no	E-post: postmottak@gol.kommune.no	Org.nr.: 00964952612



HALLINGDAL



# Gol kommune

## SAMLA SAKSFRAMSTILLING

### MØTEBOK

Saksnr. 42/06  
Arkivsaksnr.: 06/2049  
Arkivkode: 010 &13

Saksbehandler: Tor O Bergum

---

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
42/06	Formannskapet	28.09.2006

---

#### ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

Generelle saksopplysningar:  
Politisk behandling i: Formannskapet  
Vedtaksorgan: Formannskapet

#### Saksdokument:

1. Høyringsbrev m/vedlegg frå Kommunal- og regionaldepartementet 20.06.2006
  - Høyringsnotat til brevet
  - Rapport frå Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo, sjå KRDs nett-sider,  
[http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre\\_dok/rapporter/016051-220036/dok-bn.html](http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/rapporter/016051-220036/dok-bn.html)

Dokument nr. fylgjer som vedlegg. - ingen

#### Saksopplysningar:

Saksutgreiinga her er innhaldsmessige i stor grad henta frå fylkeskommunens saksutgreiing. *Høyringsfristen er sett til 20.9.2006.*

I høyringsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet 20.06.2006 er det lista opp framlegg om lovendringar når det gjeld

1. Kommunen v/valstyret sender ut valkort til alle røysteføre som er manntalsført i kommunen og som har bustadadresse innanriks (unnateke Svalbard og Jan Mayen).
2. Perioden for føhandsrøysting skal avsluttast innanriks siste torsdag før valdagen, utanriks, fredag ei veke før valdagen.
3. Frist for å søkje om å få røyste ved ambulerande røysting må ikkje settast seinare enn siste torsdag før valdagen.
4. Føhandsrøystegjevingane må vera komne inn til valstyret innan kl 20 fyrste tysdag etter valdagen.
5. Veljar som er ukjent for røystemottakar, skal legitimere seg. Dersom veljaren ikkje har legitimasjon, kan identiteten stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg.

I høyringsnotatet (innleiinga kap 1) er det vist til at det til at enkelte forhold ikkje fungerte etter føresetnadane ved stortingsvalet i 2005. Departementet foreslår å endre vallova på nokre punkt, for å redusere problem som oppstod.

I samandraget er KRDs forslag oppsummert slik:

- Lovendringar som tek sikte på å redusere talet på vraka røystegjevingar
- Endring av frist for førehandsrøystegjeving, slik at fleire røystegjevingar kjem fram i tide
- Lovfesta plikt for kommunane til å sende ut valkort
- Forskyvning av skjæringsdatoen for manntalsføring
- Kvalitetssikring av opptelling av røystesetlar
- Identifisering av veljarar

I tillegg ønskjer KRD synspunkt på reglar som forbyr publisering av meiningsmålingar dei siste dagane før valet.

Kap 3. Tiltak for å redusere talet førehandsrøystingar som blir vraka fordi røystegjevingane kjem for seint fram til å kunne bli godkjende

Gjeldande bestemmelsar for førehandsrøysting i kap. 3.1.:

- Førerhandsrøysting fram til og med siste fredag før valdagen, både innanriks og utanriks (vallova § 8-1 (2))
- Veljarar som førehandsrøystar, er sjølve ansvarlege for at røystegjevinga kjem fram til valstyret i tide (vl § 8-1 (3))
- For å bli godkjent må ei førehandsrøystegjeving vera valstyret i hende innan kl 20.00 på valdagen (vl § 10-1 første ledd bokst. g)

*Bakgrunn:*

Ved stortingsvalet 2005 vart mang førehandsrøystingar vraka fordi dei kom fram for seint. I Innst. S nr 1 (2005-2006) peikar også fullmaktskomiteen på denne vrakingsgrunnen. Dei fleste kommunar gjer seg ferdige med sine valoppgjær i løpet av tysdagen etter valdagen, slik at oppgjera ikkje viser det reelle talet for seint innkomne førehandsrøyster. Førehandsrøyster kjem fram fleire dagar etter valdagen.

Fullmaktskomiteen i Stortinget peikar på at veljarar som røystar på lovleg tidspunkt, må vite at røystegjevinga kjem tidsnok fram, og at det er dette forholdet som må vektleggast.

Komiteen ber departementet

- vurdere om forsendelsesreglar bør kome ved forskrift
- vurdere om fristen kl 20.00 på valdagen bør oppretthaldast, eller bli sett til tysdag etter valdagen - ved å forlengje fristen vil fleire røystegjevingar kunne bli godkjende, sjølv om forlenginga inneber ei forseinking av valoppgjæret
- vurdere å justere tidspunktet for når veljaren kan avgi førehandsrøysta, for eksempel å avslutte røystegjevinga torsdag før valdagen i staden for fredag

Spørsmål om tidsrommet for førehandsrøystegjeving var drøfta i Ot.prp. nr 45 (2001-2002) om ny vallov (gjort gjeldande fom valet i 2003):

Avslutningstidspunkt for førehandsgjevinga og tidspunktet for når røystegjevinga må ha nådd valstyret, vart sett i samanheng. Førehandsrøystegjevinga skal vera eit best muleg tilbod til

veljarane, medan det på den andre sida er ønskeleg med eit raskt valresultat. Om røystegjevingar innanfor lovbestemte frister innanlands, vil bli telt med i valoppgjeret eller ikkje, vil vera av betydning for veljaranes tillit til systemet. Ved førehandsrøystegjeving utanriks vil avstandar og tidsforskjellar vera av ein slik art at berre veljarane sjølv vil ha kunnskap om tid for framsending.

Eit relativt høgt tal røystegjevingar vart vraka ved stortingsvalet 2005, fordi dei kom for seint fram, og departementet ønskjer difor å endre reglane for førehandsrøystegjeving. Nye tiltak bør likevel ikkje gå ut over veljaranes moglegheiter til å førehandsrøyste. Som nye tiltak vurderer departementet

- om Posten kan etablere spesielle rutiner for å sende førehandsrøyster
- å endre fristen for når røystene må vera valstyret i hende - frå kl 20.00 på valdagen til kl 20.00 tysdagen etter valdagen (slik endring vil føre til ein dags forseinking for endeleg valoppgjer, men foreløpig opptelling på valnatta og endeleg opptelling av valtingsrøyster vil ikkje bli forseinka)
- å avslutte førehandsrøystegjevinga innanriks torsdag før valdagen i staden for fredag som i dag; eit avgjerende omsyn her må vera at den som avgir lovleg førehandsrøyst, må vite at røysta kjem tidsnok fram
- å avslutte førehandsrøystegjevinga utanriks ei veke tidlegere enn i dag (siste mulegheit i dag er siste fredag før valdag)

Det er vanskeleg å finne formålstenlege ordningar ved førehandsrøystingar utanriks, blant anna fordi tid for postsendingar til Noreg varierer frå ulike land.

I Sverige er regelen at veljaren kan førehandsrøyste på utanriksstasjonar så lengje ein kan rekne med at røystegjevinga kjem fram i rett tid. Ein slik regel kan vera vanskeleg å praktisere.

Eit alternativ kan vera å fastsetje ein bestemt dato, noko tidlegere enn fristen for innanriks førehandsrøystegjeving.

Etter departementets oppfatning vil det å tillate førehandsrøystegjeving utanriks fram til og med nest siste fredag før valdagen innebera ei formålstenleg avveging mellom omsynet til å gje veljarane gode mulegheiter til å førehandsrøyste og omsynet til at røystene bør nå fram til valstyret i tide. Det kan likevel ikkje garanterast at alle røystegjevingar kjem tidsnok fram til å bli godkjent.

Departementet peikar på at ein del førehandsrøyster vart sendt som B-post ved stortingsvalet i 2005. B-post har ei framsendingstid på tre til fem dagar, medan A-post kjem fram på ein til to dagar, utan at Posten garanterer for denne framsendingstida. Sendingar kan difor ta lengre tid, Departementet meiner at det kan vera fornuftig å forskriftsfeste at førehandsrøyster skal bli sende som A-post. Dette blir følgd opp hausten 2006, ved at departementet da vil sende ut forslag til endringar i valgforskrifta.

**Kap 4.** Tiltak for å redusere talet på røystegjevingar som blir forkasta fordi veljaren ikkje står i manntallet i kommunen der røysta blir avgitt på valdagen

**Kap 4.1** omtalar vallovas gjeldande regel for godkjenning av røystegjeving på valtinget - at veljarane må vera innført i manntallet i den kommunen dei røystar i (vl § 10-2 (1a)).

## Kap 4.2 Departementets vurdering og forslag

### *Bakgrunn:*

Ved stortingsvalet 2005 vart 3887 røystegjevingar forkasta fordi veljren ikkje stod i manntallet i den kommunen veljaren røysta på valdagen.

Fullmaktskomiteen ber departementet vurderte ytterlegare tiltak både av informasjonsmessig og annan art med det formål å redusere antal vraka røystegjevingar fordi veljaren ikkje er manntalsført

Komiteen foreslår

- utsending av valkort til alle røysteføre med blant anna opplysning om kor veljaren er manntallsført
- ei forskyving av skjæringsdatoen 31. mai til nærare valet, dersom dette er praktisk mogleg

### *Departementets vurdering og forslag:*

Departementet peikar på fleire grunnar til at valtingsrøyster blir vraka fordi veljaren ikkje står i kommunens manntal. Veljarane trur feilaktig at dei

- er manntalsførte i vedkomande kommune, manglande manntalsføring kan skuldast at flyttemelding ikkje er sendt folkeregisteret, eller at veljarane ikkje er klar over at dei er manntalsførte der dei var busette pr 31. mai i valåret
- har røysterett ved valet (utanlandske borgarar har ikkje røysterett ved stortingsval og står såleis ikkje i manntalet ved kommunevalet)
- kan røyste kvar dei vil, slik dei kan under førehandsrøystinga

Før stortingsvalet satsa departementet stort på informasjon, ved å lage brosjyrer og nytte ulike media til å informere om røysterett, kor folk kunne røyste og korleis veljaren skulle røyste. Departementet har difor lita tru på at meir informasjon vil hjelpe i høve til problema som oppstod i 2005.

For skjæringsdatoen der veljarane skal stå innført i manntalet på sjølve valdagen, så peiker departementet på at denne vart endra frå 31. mars til 31. mai da ny vallov vart vedtatt. I Ot.prp. nr 45 (2001-2002) gjekk departementet inn for ei forskyvning til 30. juni. Ei slik forskyvning vart imøtegått av fleire av høyringsinstansane, som hevda at dette ville by på praktiske problem for valsekretariata, fordi dei måtte bruke feriemånaden juli til å sende melding til listekandidatar om kandidaturet og om retten til å kreve fritak. Departementet kan vanskeleg forstå denne grunngevinga og viser til at kontakt med listekandidatar skal foregå før godkjenning av listeforslag 1. juni i valåret. Ei forskyving av skjæringsdatoen vil imidlertid ha betydning for produksjon og utsending av valkort, men departementet meiner at dette vil la seg gjera før førehandsrøystegjevinga startar 10. august.

Departementet peikar på fordelar ved å sette skjæringsdatoen til 30. juni:

- Fleire veljarar vil kunne røyste der dei bur på valdagen og kanskje føle det meir meningsfylt å avgje røyst
- Færre personar røystar i feil kommune, og færre røystegjevingar blir forkasta

Departementet meiner skjæringsdatoen for innføring i manntalet bør bli sett til 30. juni i valåret. Departementet ber høyringsinstansane spesielt kommentere forslag til forskyvning av skjæringsdatoen og den betydning dei meiner det kan ha for utsending av valkort.

### *Plikt til å sende ut valkort*

Bruk av valkort er i dag frivillig for kommunane. Eit påbud om utsending av valkort til alle veljarane vart vurdert før ny vallov. Vallovsutvalet foreslo å vidareføre ordninga med valkort, men at kommunane, i staden for staten, skulle ha ansvar for ordninga. Høyringsinstansane uttala seg ikkje særskilt om dette.

I Ot.prp. nr 45 vart det uttala at valkort har ulike funksjonar, som

- identifisering av veljarar
- framsending av førehandsrøystinga til rett valstyre
- eit hjelpemiddel til rask og effektiv avvikling av røystegjevinga på valdagen
- å fungere som eit synleg teikn på ei "samfunnskontrakt" som ligg til grunn for demokratiske val
- invitasjon til veljarane til å delta ved val
- å ha ei viss mobiliserande effekt,

men at kommunane sjølv bør vurdere kva som er nødvendig for å gjennomføre val, ikkje berre effektivt men også kostnadseffektivt.

Departementet foreslo den gongen at ordninga med produksjon og utsending av valkort i departementets regi ikkje skulle vidareførast, men at det vart obligatorisk å bruke valkort ved førehandsrøystinga. Stortinget vedtok dette.

Departementet har vurdert bruk av valkort på nytt og peikar på fordelar som

- personleg informasjon til veljarane om kva kommune dei er manntalsførte i, om vallokale og opningstider
- færre veljarar røystar i annan kommune enn der dei er manntalsførte
- fleire vil røyste i det vallokalet dei er manntalsførte i, slik at opptellinga og valoppgjeret blir forenkla og effektivisert (færre framande røyster)
- tal på vrakingar blir redusert

Departementet konkluderer med at det er fordelane ved ordninga med valkort som tilseier at kommunane bør bli pålagt å sende ut valkort til alle innbyggjarane i tråd med vallovutvalets opprinnelege forslag.

Kap 5. Bør det stillast krav til manuell foreløpig opptelling?

Gjeldande rett i VI § 10-4 bestemmer at valstyret er ansvarleg for foreløpig og endeleg opptelling av røystesetlar.

§ 10-5 regulerer at foreløpig telling av førehandsrøyster skal starte seinast fire timar før samtlege vallokale i kommunen er stengt, dersom dette ikkje strir mot prinsippet om hemmeleg val. I motsett fall skal opptellinga starte så snart samtlege førehandsrøystegjevingar er godkjende.

Foreløpig opptelling av valtingsrøystene skal starte så snart røystegjevinga er avslutta på måndag, enten ute på vallokala eller hos valstyret sentralt. Røystesetlar det er tvil om blir haldne utanfor tellinga (VI § 10-5). Dersom dei tvilsame røystene seinare blir godkjende av valstyret, blir dei tatt med i endeleg opptelling.

§10-6 har bestemmelsar om endeleg opptelling og registrering av rettingar på setlane. Endeleg opptelling skal skje rett etter den foreløpige opptellinga, under tilsyn av valstyret.

Ved stortings- og fylkestingsval videresendast blant anna alle godkjende setlar til fylkesvalstyret for kontroll av telleresultat (vl § 10-9). Fylkesvalstyret utfører ei ny og samla opptelling av alle godkjende setlar for alle kommunane i fylket som grunnlag for valoppgeret. Ved stortingsval er det Stortinget som foretar formell godkjenning.

Valresultat må ikkje bli offentleggjort før valdagen måndag kl 20.00, vl § 9-9.

## Kap 5.2 Departementets vurdering og forslag

### *Om veging og telling av røystesetlar*

Ein del kommunar og ein fylkeskommune har telt røystesetlane ved å vega dei. Kommunane hevdar dette gir eit korrekt resultat, men departementet peikar på at dette ikkje kan bli rekna som telling, fordi kvar enkelt røystesetel ikkje blir telt opp individuelt, og meiner slik kontroll er i strid med lova. Departementet peikar på utfordringar når veljarane har brukt andre setlar enn dei opptrykte, at setlar innan ein og same kommune kan ha forskjellig vekt, fordi valstyret kan ha trykt i fleire omgangar og nye setlar har fått anna vekt. Departementet vil ikkje foreslå endringer i lovverket for å tillate veging ved telling.

Ein del kommunar tel optisk (skannar) ved andre gongs (den endelege) opptellinga. Endeleg opptelling skjer normalt i den enkelte kommune, men kan skje hos fylkesvalstyret, under tilsyn av valstyret.

Departementet stiller spørsmål til sikkerheita ved elektronisk telling: teller skannarane korrekt, blir alle setlane registrerte av skannerane og korleis kontrollerer valstyresmaktene det tekniske utstyret? Departementet er usikkert på om valstyra sjølve syter for at korrekt teknologi blir brukt, eller om valstyra stoler på dataleverandørane.

### *Godkjenning av datautstyr som blir brukt ved va?*

Skannerløysingar ved opptelling gjev raske resultat, og er mindre arbeidskrevjande enn manuell telling. Det blir argumentert for at skanning gjev eit meir korrekt resultat, utan at det har vore gjort noko analyse.

Departementet peikar på at usikkerheit er knytta til all teknologi, og at det frå enkelte hald er stilt spørsmål om IKT-baserte valsystem bør gjennom statleg førehandsgodkjenning. Departementet viser også til rapporten "*Elektronisk stemmegivning – utfordringar og muligheter*", der det blir foreslått godkjennings- og sertifiseringsordningar for system som er meint brukt. Det er og nødvendig å vurdere tilsvarande for skannerar.

### *Krav til manuell foreløpig opptelling?*

Uavhengig av framtidige ordningar og løysingar, meiner departementet at det bør bli vurdert om det bør stillast krav til manuell, foreløpig opptelling av papirrøystesetlar.

Departementet meiner at ulike data-tekniske løysingar kan fungere på ulike måtar. Ved skanning krevst gode rutiner for å handtere skannerstopp og utbytting av setlar.

Manuelle tellingar er heller ikkje feilfrie. Departementet meiner at minst ei manuell telling må til for å sikre eit korrekt telleresultat, for dermed å sikre at veljarane har tillit til resultatata. Manuelle telleresultat vil fungere som kontroll opp mot elektronisk telleresultat. Store avvik mellom manuelle og elektroniske resultat, vil medføre ny kontrolltelling, og departementet stiller spørsmål om korleis denne skal skje. Departementet går ut i frå at det kan benyttast to



ulike skannerløysingar, men det vil da vera vanskeleg å vite kven som tel feil, eventuelt kva løysing som har feil i programvara. Det vil ofte vera tilfeldig kva løysing som blir brukt ved tredje gongs opptelling.

Departementet konkluderer med at det skal bli innført krav om at foreløpig opptelling i utgangspunktet skal vera manuell, men at den kan vera elektronisk dersom det blir brukt forskjellig utstyr ved foreløpig og endeleg opptelling. Ved store avvik vil det vera krav om ei tredje kontrolltelling, manuelt.

*Bør opptellinga kunne starte søndag?*

Førehandsrøyster.

Dei fleste førehandsrøystegjevingane vil vera godkjende, og dei fleste vil vera valstyret i hende innan søndag før valdagen. Det skulle difor ikkje vera noko i vegen for å starte foreløpig opptelling av desse på søndag (av omsyn til hemmeleg val må nokon røyster leggjast til side, slik regelen er i dag). Telling på søndag vil føre til ei jamnare fordeling av arbeidsbyrda, og opptellingsresultatet noko tidlegare. Dette aukar faren for offentleggjering og lekkasjar, men dette er også ein risiko ved dagens ordning, med opptellingsresultat av førehandsrøystene før resultatet av valtingsrøystene.

Departementet går inn for å lovfeste at telling kan skje på søndag, og at det blir ei frivillig ordning som valstyra sjølve må ta stilling til. Det er ei sjølvfølgje at valstyra syter for at ingen får kjennskap til opptellingsresultatet, slik at opptellinga ikkje kan påvirke røystegjevinga.

#### Valtingsrøyster

Departementet stiller også spørsmål om det bør bli innført moglegheit for telling av valtingsrøyster på søndag, i kommunar med to-dagars valting. Vallovgjevinga skiller klart på førehandsrøyster og valtingsrøyster, også når det gjeld telling. Departementet meiner det er naturleg å halde fast ved prinsippet om at røystegjevinga skal vera avslutta før opptellinga av dei aktuelle røystene kan starte.

#### Kapittel 6 Krav til legitimasjon

I dag er det vallovas §§ 8-4 og 9-5 som regulerer at røystemottaker kan krevje at veljar legitimerer seg enten ved førehandsrøysting eller på valtinget. Når ein person er kryssa i manntalet, har røystestyret godkjent at veljaren er den han gir seg ut for å vera.

#### **Kap 6.2 Departementets vurdering og forslag**

Krav til legitimasjon blir praktisert ulikt frå kommune til kommune. Ved førehandsrøystegjeving er det vanleg å krevje legitimasjon. Det mest vanlege på valdagen er å spørje om namn og fødselsdato. Ved valet i 2005 kom det reaksjonar på manglande krav til legitimering av veljarar på valtinget, blant anna frå internasjonale valobservatørar. Det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at ein veljar berre får godkjent ei røyst, og departementet foreslår difor at det blir sett krav til at ukjente veljarar må legitimere seg for å kunne røyste. Etter som det ikkje er eit generelt krav i Noreg at alle borgarar har eit legitimasjonskort, meiner departementet at det er tilfredsstillande at ein annan person som kan legitimere seg også går god for identiteten til veljaren. Rutiner for slik stadfesting bør bli regulert i forskrift.

#### Kap 7. Publisering av partimålingar dei siste dagane før valet

**Gjeldande rett går fram av vl § 9-9. Valresultat og prognoser som er lagd på grunnlag av undersøkingar gjort på valdagen/-ane, ikkje må bli offentleggjort før kl 20.00 på**

**valdagen, måndag. Vallova set ingen ytterlegere restriksjonar om meiningsmålingar; heller ikkje reglar om straff eller sanksjonar mot dei som eventuelt måtte bryte lova.**

### **Kap 7.2 Foreløpig behandling av spørsmålet**

Departementet viser til at det er stilt spørsmål i forhold til om publisering av partimålingar i ulike media like før valet kan påvirke røystegjevinga til veljarane, og om dette eventuelt bør bli forbode.

Departementet har innhenta uttreiing frå *Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo*. Utreiinga tek blant anna for seg dei siste fire stortingsvala, der det blir konkludt med at det påviseleg ikkje er klare samanhengar mellom partias oppslutning på meiningsmålingar og den oppslutning dei oppnår i sjølve valet. Det finst døme på at jamnt stigande eller synkande kurver på meiningsmålingane har gitt seg utslag i valoppslutninga, men det er og døme på at ein tydeleg tendens blir broten like før val. Det er også ulike mønstre for eitt og same parti ved ulike val. Instituttet konkluderer vidare med at ei frykt for sjølvforsterkande effekter skapt av partimålingar, må kunne bli vurdert til å vera sterkt overdrive, og at slike målingar ikkje medfører nokon systematisk over- eller underrepresentasjon for noko parti. Konklusjonen er i tråd med internasjonal forskning som viser at publisering av partimålingar kan ha ei viss betydning for styrkeforholdet mellom partia, men at det ikkje er belegg for å kunne si at det finn stad ein tydeleg og systematisk påverknad.

Fleire land utanom Norden har fastsett restriksjonar for publisering av meiningsmålingar rett før val. Direkte lovregulering forekjem sjeldan i land som Noreg likar å samanlikne seg med. Det er lagt meir vekt på at media sjølv bør regulere korleis resultat av meiningsmålingar skal rapporterast til offentleg kunnskap. Det blir vist til retningslinjer utarbeidd av Europarådet og av BBC.

Departementet peikar på at det er viktig at det ikkje blir reist tvil om grunnlaget for gjennomføring av demokratiske valg.

Det må vurderast og avklarast særskilt om slike restriksjonar kan kome i strid med Grunnlovas reglar om ytringsfridom. Departementet ber om synspunkt på det prinsipielle spørsmålet før vidare utgreiing med sikte på å utforme konkrete lovreglar.

### **Kap 8 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Ei eventuell obligatorisk ordning med valkort, vil auke kommunanes utgifter til gjennomføring av val med ca 27 mill kr pr val, dvs ca 13,5 mill pr år. Dei administrative konsekvensane for kommunesektoren blir rekne til å vera små. For staten blir det vurdert til at ei slik ordning har små økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **Kommentarar og vurderingar:**

ingen kommentarar til kap 1, 2 og 3.1.

*Til kap 3.2 om gjennomføringa av førehandsrøystinga:*

Da ny vallov vart vedteke (fom 2003-valet) vart eitt av krava for å godkjenne førehandsrøyster at valstyret måtte ha røystinga innan kl 20.00 på valdagen (vl § 10-1 (1) g).

Tidlegare var denne fristen sett til tysdag etter valet, kl 24.00. Sitat frå Ot.prp. nr 45, side 175:

Dette vil føre til at det endelige valgresultatet i den enkelte kommune vil være klart minst ett døgn tidligere enn nå. Utvalget er klar over at dette kan føre til at noen stemmer som kommer inn dagen etter valgdagen må vrakes, mens de vil bli godkjent etter dagens system. Opplysninger fra valgstyret i en del

av de største kommunene viser imidlertid at det er svært få stemmer som kommer inn etter valget, og at de stort sett kommer onsdag etter valgdagen (eller senere), noe som gjør at de i alle tilfelle må vrakes. Dermed vil ikke utvalgets forslag føre til noen drastisk økning i antallet vrakede forhåndsstemmer. Utvalget vil dessuten peke på at etter loven har velgerne også et ansvar når det gjelder å avgi forhåndsstemme i tide.

For mange førehandsrøyster vart registrert innkomne for seint og vraka ved valet i 2005. På landsbasis vart 669 førehandsrøyster protokollert vraka i 2005, men vrakingsgrunnane framgår ikkje av statistikken. 2.638.263 røyster vart godkjent. I Buskerud vart 20, i 3 kommunar, protokollert vraka fordi dei kom fram til valstyret etter kl 20.00 på valdagen. Dei fleste av desse 20 røystene var sendt som B-post. Langt fleire kom alt for seint, dvs dei påfølgjande dagane etter valdagen. Kor mange dette var er ikkje registrert nøyaktig fordi det ikkje var sett fokus på det og ikkje etterspurt gjennom dei rapporteringane som det elles (som vanleg) blir sendt inn opplysningar til.

Fleire valstyre hadde utvida opningstid siste veka før valdagen ved siste val. Veljarane fekk informasjon om at dei kunne førehandsrøyste kor som helst i landet. Dette medførte at røyster avgitt utanfor heimkommunen til veljaren fredag før valdagen, etter siste posttømming, vart postlagt laurdag før valdagen. Når denne røysta i tillegg vart sendt som B-post, brukte ho tre – fem dagar fram til rett valstyre. Dersom røysta var sendt som A-post, tok sendinga ein – to dagar og kom som regel fram innan fristen.

Erfaringsmessig synest postgangen å ha blitt tregare enn tidlegare, i alle fall for B-post, noko mange ikkje har fått med seg. Einaste realistiske alternativet er å bruke A-post.

Rådmannen støttar såleis departementets forslag om å avslutte førehandsrøystinga innanriks ein dag før, dvs torsdag før valdagen, og at utanriksrøyster blir avslutta ei veke før. Innenriks må røystene kunne bli postlagt fredag før valdagen. Lovmessig må det kunne bli lagt til rette for ei samordning eventuelt ved at Posten blir instuert og det blir lagt opp til ei samordning av postsending og stengetid for mottaket av førehandsrøystene i kommunane.

Fristen for å søkje om ambulerande røysting bør bli endra til "mellom tirsdag og torsdag siste uke før valget" (innsnevra frå fredag), for å få samsvar med ovannemnte.

*Til kap 4.2 om forskyving av skjæringsdato:*

Det bør ikkje vera store problem for kommunane om skjæringsdatoen blir endra frå 31. mai til 30. juni. Det må vera rutiner som ivaretek at listekandidat som fløt etter at forslag til vallister er godkjent 1. juni, blir oppført på røystesetelen med riktig adresse ved kommunestyreval, eventuelt riktig kommune ved stortings- og fylkestingsval.

Ei forskyving av skjæringsdato vil gje positiv effekt ved at manntalet blir meir å jour under på valdagen og ved førehandsrøystegjevinga, og ved at færre valtingsrøyster blir vraka. Endringa vil neppe vera problematisk for produksjon og utsending av valkort, som veljarane ha når førehandsrøystinga startar 10. august.

*Til kap 4.2 om forslaget om obligatorisk ordning med kommunalt ansvar for valkort*

Det er greit at alle kommunar blir pålagt å produsere og distribuere valkort.

*Til kap 5 om det bør bli stilt krav til manuell foreløpig telling*

Det er griet at veging av setlar ikkje er å rekne for telling.

IKT-baserte tellesystem og program for valadministrasjon bør få statleg godkjenning eller sertifisering.

Når det gjelder krav til antal tellingar og korleis desse skal foregå, synest det rart at vi ikkje kan tillate bruk av skanning og telling elektronisk. Også manuelle tellingar inneheld feil, og samanlikna med korleis desse elektroniske hjelpemiddel blir akseptert brukt elles i samfunnet synest det ikkje rimeleg at vi skal vera så avvisande til å bruke dette i valsamanheng. To tellingar må sjølvsagt stå ved lag.

- Ved bruk av ny teknologi er det viktig med fokus på oppbygging av rett kompetanse, på gode rutiner og opplæring av telle- og kontrollpersonell, i tillegg til lokal testing av system.

Manuell telling ved grovtelling bør halde fram. Denne tellinga betyr å sortere på parti (liste) og telle antal røyster til kvar liste. Ved denne tellingen skal det ikkje vera sortering på retta og uretta setlar og personrettingar skal heller ikkje registrerast.

Det er positivt at departementet foreslår at telling av førehandsrøyster kan starte alt på søndag som ei frivillig ordning. Forslaget kan virke til at endeleg telleresultat forelegg tidligare. Å telle så tidleg fase vil vera utfordrande i høve til at resultat ikkje må kome ut i det offentlige før det er tillatt etter loven.

#### *Til kap 6, forslag til krav til legitimasjon*

Det vil vera ei positiv endring i lovverket at veljar må legitimere seg eller få sin identitet stadfesta av annan person.

#### *Til kap 7 om publisering av partimålingar dei siste dagane før valet*

Grunnlovas § 100 om ytringsfridom, og at ytringsfridomen skal verne tre grunnleggjande prosessar: å søkje det sanne, demokratiet og individets frie meiningsdanning. Val er i tillegg tufta på demokratiske prinsipp som fridom, hemmeleghald og rettferd. Dette er prinsipp som ikkje skal ha rom for forhåndssensur av informasjon og ytringar og det å halde attende slik. Det betyr samtidig at som veljarar skal vi kunne la oss påvirke så godt som fram til døra på vallokalet, også når det gjeld måleresultat og denne type informasjon, påverknad og ytring.

#### *Til kap 8, økonomiske og administrative konsekvensar*

Sjølv om kommunane blir påført ekstra utgifter til valkort, vil det vera ”utgift til inntekts erverv” ved at kommunane får eit godt verkty i valgjennomføringa. Gol har brukt valkort stort sett sia det vart teke i bruk og har gode erfaringar. Utgifter ved kommunestyreval må kommunane dekkje. Staten dekkjer delar av utgiftene ved gjennomføring av stortingsval, men gjennom rammeoverføringane.

#### Konklusjon:

Rådmannen viser til høyringsnotatet og saksutgreiinga og til merknader og vurderingar som er gjort i saka og foreslår at formannskapet støttar departementets forslag i hovudsak.

Gol, 14.09.2006 – Svein Thorsnes, fungerande rådmann

Tor O.Bergum, avd.leiar

**Merknader og vurdering frå ordførar/utvalsleiar:**

Ordføraren vil sjå nærare på saka før handsaminga i formannskapet, men kjem likevel nå med innstilling i saka som følgjer.

**Framlegg til vedtak:**

Gol formannskap uttalar seg slik til endringsforslaga:

- Førehandsrøystegjevinga utanriks blir avslutta ei veke og ein dag tidlegere enn i dag
- Førehandsrøystegjevinga innanriks blir avslutta ein dag tidlegere enn i dag
- Fristen for å søkje om ambulerande røysting bli endra til "mellom tirsdag og torsdag siste uke før valget" (innsnevra frå fredag)
- Skjæringsdatoen for innføring i manntal skuva ut i tid med ein måned, til 30.juni
- Kommunane blir pålagt å produsere og distribuere valkort til veljarane
- Grovtelling av røyster skal skje manuelt
- Det blir frivillig for kommunane om dei vil starte opptelling av førehandsrøyster søndag
- Veljarar må legitimere seg før røystegjeving
- Vet blir etablert statlege sertifiserings- og godkjeningsordningar for elektroniske valsystem.

Kommunal- og regionaldepartementet blir vidare tilrådd

- å syte for tilfredsstillande rutiner og ev avtaler for at førehandsrøyster blir sendt på hurtigast mogleg og trygg måte i staden for å utvide fristen for når røystegjevinga må vera valstyret i hende
- å utarbeide gode rettleiingar og rutinebeskrivelsar for telling, blant anna når det oppstår store avvik mellom grovtelling og endeleg telling

Gol, 14.09.2006 - Jan-Halvard Brekko, ordførar

**Formannskapet behandlet saken den 28.09.2006, saksnr. 42/06**

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Gol formannskap uttalar seg slik til endringsforslaga:

- Førehandsrøystegjevinga utanriks blir avslutta ei veke og ein dag tidlegere enn i dag
- Førehandsrøystegjevinga innanriks blir avslutta ein dag tidlegere enn i dag
- Fristen for å søkje om ambulerande røysting bli endra til "mellom tirsdag og torsdag siste uke før valget" (innsnevra frå fredag)
- Skjæringsdatoen for innføring i manntal skuva ut i tid med ein måned, til 30.juni
- Kommunane blir pålagt å produsere og distribuere valkort til veljarane

- Grovtelling av røyster skal skje manuelt
- Det blir frivillig for kommunane om dei vil starte opptelling av førehandsrøyster søndag
- Veljarar må legitimere seg før røystegjeving
- Det blir etablert statlege sertifiserings- og godkjeningsordningar for elektroniske valsystem.

Kommunal- og regionaldepartementet blir vidare tilrådd

- å syte for tilfredsstillande rutiner og ev avtaler for at førehandsrøyster blir sendt på hurtigast mogleg og trygg måte i staden for å utvide fristen for når røystegjevinga må vera valstyret i hende
- å utarbeide gode rettleiingar og rutinebeskrivelsar for telling, blant anna når det oppstår store avvik mellom grovtelling og endeleg telling